

## **Referat frå møte i skulemiljøutvalet onsdag 09.06.2021**

*Tilstade:*

*Fråverande: Hedda, Kate, Isabel, Eva*

### Skulemiljø:

Ungdata-undersøkinga er gjennomført, både Ungdata junior, får mellomstaget, og den tradisjonelle Ungdata for ungdomsskulen. Viktig å få signal om noko er ugreitt så tidleg som råd, difor ynskte rektor at mellomstaget også skulle vere med.

Ein må vente på resultatata, sidan det er kommunen som skal offentleggjere dei, men rektor melder at det tyder på ei god utvikling.

Ein har sett inn tiltak på skulebussen som går sørover. Det verkar som om det har hatt positiv effekt.

Ein må alltid jobbe mot mobbing, og ha struktur på måten ein taklar det på.

På småskulen er eitt gammalt leikeapparat reparert, og eitt gammalt er fjerna, .i tillegg har dei fått to nye. Foreldra og elevane har vore engasjerte, og ein har fått pengar frå kommunen og andre kjelder (Privat). Det er også laga ein rullestolvenleg sti fram til to av apparata.

Helse, skule og kultur var saman med i ein konkurranse om å utbetre utemiljøet på mellomsteget og u-skulen. («Skråninga aktivitetsprosjekt»). Me kom langt, men nådde ikkje heilt fram i konkurransen. Ein prøvar vidare om det er pengar å hente andre stadar.

### Covid-19:

Me kunne ha vore grøn skule, men har valt å halde oss på gult nivå fram til sommarferien.

### Politisk sak om «leksetilpassa skule»:

Det blei vedtatt å halde fram med lekser. Skulen må praktisere lekser i tråd med politiske vedtak og departementet sine retningslinjer. Ny læreplan gjev nye føringar for opplegg på skulen, m.a. tverfaglege tema.

### Nytt om tilsette:

Lagleiar småskulen: Linda Solberg

Mellomstaget: Edel Valle held fram

U-steget: Geir Halvor

Rådgjevar: Lena Flageborg.

Kontaktlærer i 8.kl: Henrik ....

Kunst og handverk: Malen....

Musikk: Ingvild Homme

SFO, ny: Mette Valle

FAU har ikkje hatt møte i det siste.

Eventuelt: Ingen saker

## **Referat frå møte i samarbeidsutvalet onsdag 09.06.2021**

*Tilstade: dei same som i SMU-møtet*

### Plan for overgangar: «Frå yngst til eldst»

Ny satsing retta mot elevar frå kommunen i vidaregåande skular. Fråfallet har auka. Ein vil arrangere nokre treff i løpet av året der dei kan møtast når dei er heime i helga, mest første året, men også noko resten vg-skuleløpet. Ein ønskjer å halde på kontakten med ungdomane, sjølv om dei går på skule andre stadar.

Skulen har samarbeidd med helse, kultur og flyktingtenesta i revidering av planen.

Pga Corona, har ikkje alle punkt i planen blitt gjennomført siste året.

Ein vil leggje ein link til skule/planar på heimesida til kommunen.

### Skulebygningar: paviljongen og murbygget.

Ny læreplan krev rom for gruppearbeid, det er noko me manglar.

Ein har 300000 kr til å kartlegge det vil har og kva det vil koste å optimalisere det.

Rektor er i dialog med teknisk etat i kommunen om å fortgang på prosessen. FAU vil også etterlyse dette.

Elevane i u-skulen har fått litt pengar til å måle og gjere i stand eit rom i paviljongen der dei kan vere saman når dei har tid. Eit godt samarbeidsprosjekt for elevane.

Uteområdet på småskulen: Sjå sak i SMU

Kl 17.15: Møtet slutt.